

STORDAL BARNEHAGE

”KVAR DAG DEN BESTE”



ÅRSPLAN 2023/ 2024



Innhald

| | |
|--|----|
| 1. Velkomen til Stordal barnehage | 3 |
| 2. Foreldresamarbeid | 5 |
| 3. Planverk | 7 |
| 4. Barnehagen sine samarbeidspartar | 8 |
| 5. Ny i barnehagen og overgangar | 9 |
| 6. Formål, verdigrunnlag, visjon | 10 |
| 7. Barnehagen sitt innhald | 11 |
| 8. Fagområda til barnehagen | 13 |
| 8.1 Kommunikasjon, språk og tekst | 13 |
| 8.2 Kropp, rørsle, mat og helse | 14 |
| 8.3 Kunst, kultur og kreativitet | 15 |
| 8.4 Natur, miljø og teknologi | 16 |
| 8.5 Mengd, rom og form | 17 |
| 8.6 Etikk, religion og filosofi | 18 |
| 8.7 Nærmiljø og samfunn | 19 |
| 9. Planlegging, vurdering og dokumentasjon | 20 |

1. Velkommen til Stordal barnehage

Stordal barnehage er ein kommunal barnehage. Også dette barnehageåret blir det berre 2 avdelingar: Eplehagen og Rådyrskogen. Ei avdeling for barn under 3 år, og ei avdeling for barn over 3 år.

Hausten 2019 flytta vi over til ein ny og flott barnehage, noko vi hadde gleda oss veldig til.

Per dags dato har Stordal full barnehagedekning, og vi har også ledig kapasitet til å ta inn nye barn i løpet av året.

Kontaktinformasjon

Styrar: Diana Helland
Tlf: 95878594
Epost: Diana.Helland@fjord.kommune.no

Rådyrskogen: Tlf: 41867898
Ped.leiar: Marlene Lein
Ped.leiar: Lisa Mari Berge
Epost: Marlene.Lein@fjord.kommune.no
Epost: Lisa.Mari.Berge@fjord.kommune.no

Eplehagen: Tlf: 41867897
Ped.leiar: Siv Anita Bråten
Epost: Siv.Anita.Braten@fjord.kommune.no

Barnehagen si opningstid

Barnehagen opnar kl. 07.00 og stenger 16.30.

Mat

Barna kan ete medbrakt frukost i barnehagen mellom 08.00 - 09.00. Mjølkk og vatn får dei.

Ca. klokka 11.15 – 11.30 har vi hovudmåltid som består av brød, eller ferske nybakte rundstykke og eit utval pålegg og drikke. Eventuelt eit varmt måltid.

Ca. klokka 14.00 får barna yoghurt eller knekkebrød og frukt/smoothie

Foreldra blir belasta med eit fast beløp per vekedag, per måned i matpengar. Dette beløpet vert ført saman med barnehagerekninga kvar måned.

Kjøp av enkeltdagar

Dette er ikkje aktuelt no i starten av barnehageåret 2023 – 2024, da alle barna har full barnehageplass.

Skulle det likevel bli aktuelt utover året er reglane slik:

Dersom det er ledig kapasitet på avdelingane tilbyr vi kjøpeplass. Kjøp av dagar avtales med pedagogisk leiar på den enkelte avdeling. Viser til § 5 i vedtektene for Fjord barnehagar.

Bursdagsinvitasjonar

De kan gjerne dele ut bursdagsinvitasjonar i barnehagen. Vi krev da at dykk inviterer rettferdig innad i avdelinga. Det vil seie alle barna, alle jentene/ gutane, eller alle født på same år.



2. Foreldresamarbeid

”Samarbeid mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Rammeplan for barnehagen 2017, s. 29.

Barnehagen vil etter beste evne legge til rette for eit godt samarbeid med heimen. Den daglege kontakta, som skjer ved bringing og henting, er ein viktig del av dette samarbeidet. Personalet i barnehagen prøver etter beste evne, å møte barn og foreldre i garderoba der ein kan utveksle informasjon. Vi forventar at foreldra respekterer viktigheita/verdien av bringe og hentesituasjonen i barnehagen. Legg vekk telefon og andre forstyrrende element og gi barnet oppmerksomhet.

Begge avdelingane skriv månadsplanar og ulike former for evaluering som blir lagt ut på den interne facebookgruppa til avdelinga. Der vil barnehagen i tillegg legge ut diverse info og påminningar. Det er kun barnehagen som kan legge ut noko, og det er ikkje anledning til å kommentere innlegga. Dersom nokon ønskjer noko av dette i papirformat, gir dykk beskjed til ped.leiar på avdelinga. Barnehagen forventar at foreldra les planar, og skriv som kjem frå barnehagen, og følgjer med på kva som skjer.

Vi har TV på begge avdelingar, slik at vi kan få vist bilete.

Foreldresamtalar

Pedagogisk leiar på barnets avdeling kallar normalt inn til ein eller to formelle foreldresamtalar i året; ein på hausten og ein på våren. Vi ynskjer å ha eit tett samarbeid og oppmodar dykk til å ta kontakt når behovet for ein samtale oppstår. Ikkje vent til de blir innkalla. På same måte vil vi i barnehagen også be om samtalar når vi kjenner vi har behov for det. Foreldre kan og bli invitert til sosiale arrangement i løpet av året.

Foreldremøte

Foreldremøte er i hovudsak informasjonsutveksling mellom barnehage og heim og tema som angår alle barna i barnehagen. Innimellom vert helsesjukepleiar, PPT, barnevernstenesta, skulen eller andre invitert for å halde foredrag om aktuelle tema.

I starten av barnehageåret blir det holdt foreldremøte, der vi gjerne er felles i starten og avdelingsvis etterpå. Her får foreldra generell informasjon om barnehagen, samt meir spesifikk informasjon om den aktuelle avdeling. På vårparten kan det og være aktuelt med eit felles foreldremøte med tema som er aktuelle for barnehagen.

Eit godt samarbeid krev to aktive partar!

Vi håper og trur på eit godt samarbeid mellom barnehagen og heimen også i år.

Foreldreråd

Foreldra til alle barna i barnehagen er med i barnehagen sitt foreldreråd. Dette formelle organet skal gje alle foreldre medverknad på barnehagen si verksemd. Foreldrerådet vel to representantar frå foreldra som deltek i barnehagen sitt samarbeidsutval. Foreldrerådet står som arrangør av til dømes sommarfest i barnehagen.

Repr. for avdeling Rådyrskogen 2022 – 2023 : Marthe Lianes

Repr. for avdeling Eplehagen 2022 – 2023 : Therese S Vidhammer

Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet skal være eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet består av to foreldrerepresentantar, to representantar frå personalet i barnehagen, ein representantar frå kommunestyret, samt styrar som fungerer som sekretær og sakshandsamar. Utvalet skal først og fremst ivareta samarbeidet mellom barnehagen og foreldra.



3. Planverk

Rammeplanen

Gjeldande rammeplan tredde i kraft 1. august 2017.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver er ei forskrift til lov om barnehagar. Målet med rammeplanen er å gje styrar, pedagogiske leiarar og resten av personale ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Rammeplanen gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat og innhaldet skal synleggjerast i årsplanen til barnehagen.

Lokal rammeplan for Fjord kommune

Styrarane i barnehagane i Fjord kommune har i samarbeid med Oppvekstsjef utarbeida ein felles rammeplan for dei tre barnehagane i kommunen. Dette for å ha felles målsetningar og kunne samarbeide om kompetanseheving og kurs. Dette er ein plan som får ei varigheit på 4 år og etter det blir evaluert og revidert. Planen skal vere i samsvar med Fjord kommune sin opplæringsplan og Sunnmøre regionråd si kompetansesatsing.

Årsplanen

Alle barnehagar er pålagt gjennom lov og rammeplan å lage ein eigen årsplan, som skal oppdaterast eller fornyast kvart år. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

Halvårsplan og månadsbrev

Med utgangspunkt i årsplanen til barnehagen og rammeplanen for barnehagar skal det utarbeidast ein eigen halvårsplan eller evt ein årsplan for kvar avdeling. Kvar avdeling vil i tillegg skrive ei månadsevaluering pluss ein månadsplan som gir betre oversikt over kva slags aktivitetar som skal skje i løpet av dagen, veka og månaden.

På månadsbrevet skal det være god informasjon til dykk som foreldre om kva avdelinga har jobba med den siste månaden, kva har vore i fokus og kva slags tema som har vore relevant. I tillegg får de informasjon om kva som skal skje den komande månaden i forhold til tema, aktivitetar, fokusområde, turar og liknande.

I og med vi no ikkje får bruke facebook til å gi ut slike planer og bilde må vi foreløpig bruke papir og eventuelt e-post.

4. Barnehagen sine samarbeidspartar

Helsestasjon

Helsestasjonen har ansvar for å drive førebyggjande og helsefremjande arbeid for å tryggje oppvekstvilkåra i kommunen. Helsestasjonen kan foreslå at det blir søkt om barnehageplass for barn som har særlege behov av ulikt slag, og den kan vere ein sakkunnig instans ved tilråding om prioritet ved opptak. Helsestasjonen kan bidra med råd og rettleiing i samband med legemiddelhandtering i barnehagen og om smittevern. Helsestasjonen er og med å kartlegge både språk og høyrse hos barn, og kan melde dette vidare til andre hjelpeinstansar.

Barnevern

Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Både Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar, omtalar forholdet mellom barnehage og barnevernstenesta. Barnehagelova § 22 seier at barnehagepersonalet har plikt til å melde, dersom dei får mistanke, eller blir merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernet si side. Utan hinder frå taushetsplikta, skal personalet gi opplysningar til barnevernet når det er grunn til å tru at det føreligg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar. Personalet i barnehagen har også plikt til å gi opplysningar til barnevernet dersom det vert gitt pålegg om dette. Barnehageplass kan vere eit tiltak barnevernet brukar og dei kan gå inn med rettleiing og hjelp til foreldra.

Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)

Ansaret og oppgåvene som PP-tenesta har for barn under skulepliktig alder, er heimla i opplæringslova § 5-6. Retten barn har til spesialpedagogisk hjelp, er heimla i § 5-7 i same lova.

PP-tenesta er ein av dei faglege instansane som kan gi eit barn fortrinnsrett ved opptak i barnehage. I desse tilfella kan tenesta dessutan gi råd og rettleiing til barnehagen. PP-tenesta er ein sakkunnig instans, ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer samarbeid om enkeltbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje. Aktuelle utfordringar som PP-tenesta kan hjelpe med er forseinka utvikling, sansehemming, forsinka språkutvikling, eller vanskar med uttale. Det kan vere oppdragelsesvanskar, åtferd/samspelevanskar eller andre lærevanskar. Tenesta kan også bistå med søknad om hjelpemidlar frå hjelpemiddelsentralen.

Logoped

Fjord kommune har pr i dag ikkje tilsett eigen Logoped. Stordal barnehage har etterkvart fått mykje erfaring med å hjelpe barn med ulike språkvanskar. Likevel er det mange ganger både

vi, barna og foreldre treng hjelp og støtte fra logoped. Da er vi så heldige å ha eit veldig godt samarbeid med privatpraktiserande logopedar som kjem frå Stordal.

5. Ny i barnehagen og overgangar

Når barnet byrjar i barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjend, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet startar i barnehagen skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørslse og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.

Overgangar i barnehagen

Det kan skje overgangar i barnehagen òg. Personale skal sørge for at barnet og foreldra får tid til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe. Dei fleste overgangane er om hausten, men av og til er det nødvendig å gjere endringar på barnegruppene midt i året også.

Overgang mellom barnehage og skule

Siste året barnet går i barnehagen startar vi å førebu barnet til skulestart i god tid. Dette for å skape tryggleik og kjennskap til skulen og skulefritidsordninga (SFO). Vi ynskjer at barnehagetida skal avsluttast på ein god måte, samstundes som at det å starte på skulen skal vere ein naturleg overgang i denne viktige epoken i barnet sitt liv.

For meir detaljert skildring for dette arbeidet viser ein til ” Plan for overgang frå barnehage til skule i Fjord kommune”. Foreldre/føresette til barn dette gjeld vil få ein meir detaljert plan for dette arbeidet utpå hausten siste året i barnehagen.



6. Formål, verdigrunnlag, visjon

§ 1 Formål

”Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrang. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.”

Endra ved lov 19 des 2008 nr. 119 (ikr. 1 aug 2010 iflg. res. 18 juni 2010 nr. 828).

Lov om barnehagar.

Noreg kan i dag seiast å vere eit samfunn der språkleg, kulturell og religiøst mangfald pregar dei ulike samfunnsarenaene. Stordal barnehage har barn med ulike bakgrunnar, og både barn og vaksne kan møtast med forskjellige ønsker, behov og forutsetningar. Barnehagen skal vere eit miljø der ulike individ og ulike kulturelle ytringar, møtes i respekt for det som er forskjellig.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

God barnehagekvalitet har samanheng med høg etisk standard. Personalet i Stordal barnehage arbeider for å utvikle eit felles sett av verdiar og haldningar som skal være retningsgjevande for våre handlingar og arbeidsmåtar i møte med barn, foreldre, medarbeidarar og elles andre.

Omsorg, leik, danning og læring skal bygge på, og fremje felles grunnverdiar. Verdigrunnlaget skal ligge til grunn for barnehagen si verksemd. Verdiane er mål vi skal styre mot, og dei kriteria vi skal bruke i ulike vallsituasjonar. Viktige verdiar for oss er menneskeverd, omsorg, respekt, tillit, likeverd, likestilling, rettferd, fellesskap og inkludering.

Stordal barnehage sin visjon:

«Kvar dag den beste»

7. Barnehagen sitt innhald

Innhaldet i barnehagen skal byggje på eit heilskapleg lærings syn, der fokus på omsorg, læring, danning, leik og språk ligg til grunn.

Omsorg

I Stordal barnehage skal dei tilsette møte barna med omsorg i alle situasjonar i kvardagen: under leik, i stell, måltider og under av- og påkledning. Omsorg har verdi i seg sjølv. Omsorg vil seie å vere tilgjengeleg og vere tilstades både fysisk og psykisk. Dei vaksne skal vere den trygge hamna, samstundes den som støttar og oppmuntrar til utfordring og meistring.

Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonar mellom barna og dei vaksne, og om barnas omsorg for kvarandre. Det å kunne gje og ta i mot omsorg legg grunnlag for utvikling av sosial kompetanse, noko som er svært viktig i barnet si livslange læring.

Stordal barnehage skal bidra til at barna utviklar tryggleik og stoltheit over eigen tilhørsle, men og respekt for andre sine kulturelle verdiar og ytringar. Gjennom leik og samhandling skal barna få utfordringar i å kunne meistre balansen mellom sjølvhevdning og å sjå andre sine behov.

Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.

Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. I barnehagen skjer i det daglege samspelet mellom menneske og miljøet, og er nært knytt saman med leik, omsorg og danning. Barnet skal møtast med ros, oppmuntring og støtte frå den vaksne, noko som gir tryggleik, sjølvkjensle og gode læringsopplevingar for barnet. Vennskap og tilrettelegging for gode relasjonar i barnehagen er ein føresetnad for læring. Alle skal oppleve meistring og få utfordringar som er tilpassa det ein skilde barn.

Formelle lærings situasjonar er ofte leia og førebudd av den vaksne i barnehagen, der ein har eit mål med aktiviteten. Døme på slike situasjonar er

samlingsstunder om tema, arbeid med fagområda, språkgrupper og i matlaging.

Dei uformelle lærings situasjonane finn stad gjennom heile dagen i samspelet mellom barn- barn, og barn-vaksen. I garderobesituasjonar, under rydding, måltid, leik og på tur er det til ei kvar tid dialog mellom vaksne og barn – der erfaringar utvekslast og læring skjer.

Måten vi vaksne møter barnet på i lærings situasjonane er avgjerande for læringsutbyttet til barnet.

Danning

Gjennom gjensidige samhandlingsprosessar i leik og læring, med barn og vaksne, der ein tek omsyn til kvarandre, legg ein grunnlaget for danning. Det handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning er ein kontinuerleg prosess som forgår heile livet. Målet med danning i barnehagen er at barna skal verte sjølvstendige og trygge på seg sjølv som individ og på sin personlege og kulturelle identitet.

Det er dei vaksne i barnehagen som både leier og rettleier, og gjev barna hjelp til å oppfatte kva rammer som er akseptable i samvær med andre.

Når vi arbeider med danning snakkar vi om reglar som gjeld både i barnehagen og elles i samfunnet, om kva som er rett og galt, og om korleis vi oppfører oss i lag med andre barn og vaksne.

I barnehagen skal barna få utfordringar og støtte til å kunne handle omsorgsfullt og ta etisk grunna val.



8. Fagområda til barnehagen

- Fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet barnehagen.
- Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse.

8.1 Kommunikasjon, språk og tekst

- Barna skal få utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.
- Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og 2-åringen:

- Avdelinga har tilgjengelege biletbøker som er tilpassa alder og utvikling
- Får eit positivt forhold til bøker og bilete
- Lytte til lydar og rytme i språket
- Synger, høyrer forteljingar og blir lest for
- Erfarar digitalt verktøy
- Vaksne som hjelper borna til å setje ord på kjensler
- Vaksne som tolkar deira signaler og kroppsspråk

3- og 4-åringen:

- Avdelinga har tilgjengelege biletbøker som er tilpassa alder og utvikling
- Opplev glede ved å bruke språket
- Øver på å bruke språket i samhandling med andre
- Utvide ordforrådet og omgrepsforståing
- Leik med språket
- Erfarar digitalt verktøy
- Vaksne som er til stades når det oppstår konflikhtar og hjelper barna å løyse dei sjølv
- Leser bøker, synger songar og rim/reglar

5-åringen:

- Avdelinga har tilgjengelege biletbøker som er tilpassa alder og utvikling
- Vaksne som støtter og rettleier barna i leiken og i samhandlingar
- Vidareutviklar språkforståinga si
- Skape interesse for samheng mellom språk, tekst og bilete
- Bli fortruleg med tal, bokstavar og symbol
- Skrive/kjenne igjen sitt eige namn

- Erfarer digitalt verktøy
- Bruke dramatisering som metode for å lære seg ulike roller i leiken

8.2 Kropp, rørsle, mat og helse

- Barna skal få oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse.
- Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader.
- Barna skal bli kjent med kroppen sin og bli bevisst på sine egne og andre sine grenser.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og 2-åringen:

- Opplive meistringsglede gjennom allsidige kroppslege utfordringar og støtte barnas utvikling av kontroll, både i leik og samhandling
- Leggje til rette for grunnleggande ferdigheiter innanfor grov- og fin motorikk
- Øve på å vaske hendene, ete og drikke på eigenhand.
- Opplive eit variert kosthald, tar del i matlaging og oppmoda til å smake på ny mat
- Vise interesse for eigen kropp og sette ord på ulike kroppsdelar
- Øve på å kle av og på seg sjølv
- Opplive meistringskjensle ved å «klare sjølv»
- Ivareta barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behov for ro og kvile

3- og 4-åringen:

- Opplive meistringsglede gjennom allsidige kroppslege utfordringar og støtte barnas utvikling av kontroll, både i leik og samhandling
- Øve på å bli sjølvstendig når det gjeld handvask, dobesøk, av- og påkledning. Sjølvstendig under måltid og rydde etter seg når ein går frå bordet.
- Opplive eit variert kosthald, tar del i matlaging og oppmoda til å smake på ny mat
- Oppliv aktivitetar som utfordrar og stimulerer barnas ferdigheiter
- Bruke uteområdet allsidig og leggje til rette for turar med ulendt og variert terreng
- Gode opplevingar gjennom meistring

5-åringen:

- Opplive meistringsglede gjennom allsidige kroppslege utfordringar og støtte barnas utvikling av kontroll, både i leik og samhandling
- Gi barna kjennskap og kunnskap om menneskekroppen
- Opplive eit variert kosthald, ta del i matlaging, både inne og ute, og verte oppfordra til å smake på ny mat og vere nysgjerrig
- Vise respekt for andre sine fysiske grenser i leiken

- Opplive aktivitetar som utfordrar og stimulerer barna sine ferdigheiter
- Bruke uteområdet allsidig og leggje til rette for turar med ulendt og variert terreng
- Barna skal få utvikle seg til å bli meir sjølvstendig.
- Øve på å få kontroll på eige utstyr og kle



8.3 Kunst, kultur og kreativitet

- Barna skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike formar og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon.
- Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk.
- Barna skal møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og-2 åringen:

- Opplive formidling av eventyr, forteljingar og historier
- Motivere barna til å uttrykke seg og bli kjent med musikk, dans og drama
- Vaksne som legg til rette for positive prosessar og ikkje det ferdige produktet
- Leike med maling, teikning og tredimensjonale materialar.
- Opplive skaparglede og stoltheit over eigen deltaking

3- og 4-åringen:

- Bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- Kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhøyrse
- Synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne- og uteromma i barnehagen
- Motivere barna til å uttrykke seg og bli kjent med musikk, dans og drama

5-åringen:

- Gi barna tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
- Får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd inne og ute
- Bruke ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
- Bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede
- Uttrykke seg gjennom musikk, dans og drama

8.4 Natur, miljø og teknologi

- Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.
- Barna skal få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.
- Fremje barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfald og bidra til berekraftig utvikling.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og 2-åringen:

- Barna skal få bli kjent med naturen og det å vere ute i all slags ver
- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Ta i bruk alle sansane sine i utforsking av ulike naturmaterialar
- Få erfaringar med og kunnskap om dyr, småkryp og vekstar
- Lære barna å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen

3- og-4 åringen:

- Få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- Være ute i all slags vær og lære om årstider
- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Få kjennskap om dyr og dyreliv
- Få kjennskap til naturen, lære av naturen og utvikle respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- Jobbe dagleg med å resirkulere avfall, lære kva som kan kastast/resirkulerast

5-åringen:

- Få oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
- Ta vare på naturen og ikkje kaste frå seg søppel
- Jobbe dagleg med å resirkulere avfall, lære kva som kan kastast/resirkulerast
- Bruke naturressursane med fornuft, som for eksempel straum, vatn, papir og mat.
- Bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring
- Få oppleve, utforske og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover
- Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære om naturen og utvikle respekt og forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- Få kjennskap til livssyklusen til mennesket

8.5 Mengd, rom og form

- Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande.
- Barna skal stimulerast til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og 2-åringen:

- Deltar i leik og samling
- Bruker leikemateriell med former, tal og størrelsar
- Har leikekasser som stimulerer til sortering
- Bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing, både inne og ute
- Undersøkjer og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på ulike måtar

3- og 4-åringen:

- Leike og eksperimentere med tal, mengde og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
- Erfarer og samanliknar storleikar i omgjevnadane
- Deltar i leik, samling og ulike aktivitetar
- Lærer å rydde, sortere og klassifisere

5-åringen:

- Undersøkjer og får erfaring med å løyse matematiske problem og opplever glede ved matematikk
- Deltar i leik, samling, aktivitetar og konstruksjonsleik
- Leiker med tal, mengde og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
- Rydde etter seg, sorterar og klassifiserer leiker og gjenstandar



8.6 Etikk, religion og filosofi

- Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.
- Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverd og levesettet til andre menneske.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og 2-åringen:

- Bli kjende med grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon
- Utøve respekt og interesse for kvarandre
- Barna får undre seg
- Bli kjent med ulikskapar og likskapar i eit fellesskap

3- og 4-åringen:

- Får kunnskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og bli kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnegruppa
- Utviklar respekt og interesse for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit fellesskap
- Får forståing for at vi er ulike og har ulike måtar på leve livet på
- Lære å løyse konflikhtar på ein god måte

5-åringen:

- Får kunnskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og bli kjende med religionar og livssyn som er representere i barnegruppa
- Får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggjande normer og verdiar
- Utviklar respekt for kvarandre, forstår verdien av ulikskapar og viser omsorg for kvarandre i eit fellesskap
- Utforskar og undrar seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål

8.7 Nærmiljø og samfunn

- Barna skal bli kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.
- Barna skal få kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke.
- Delta i eit demokratisk samfunn.

I Stordal barnehage inneber det:

1- og 2-åringen:

- Bli kjent med barnehagen, området rundt og nærmiljøet
- Ta aktiv del i fellesskapet på avdelinga
- Erfare utfordringar og like høve til å delta
- Viser trivsel og tryggleik i barnehagen
- Deltar på ulike markeringer som held til i barnehagen og i samfunnet

3- og 4-åringen:

- Tar del i fellesskapet og bli oppmuntra til å medverke i eigen kvardag
- Utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt.
- Deltar på ulike markeringer som held til i barnehagen og i samfunnet
- Erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
- Blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer

5-åringen:

- Får medverke i sin eigen kvardag og har tillit til samfunnsdeltaking
- Blir kjende med lokalhistorier og lokale tradisjonar
- Utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
- Deltar på ulike markeringar som held til i barnehagen og i samfunnet



9. Planlegging, vurdering og dokumentasjon

Planlegging

Personalet skal ha kjennskap til og rette seg etter statlege og kommunale føringar, slik som lover, forskrifter og retningslinjer. Planane er styrande arbeidsreiskap for personalet, og er også tilgjengelege for foreldre og andre interesserte. Planlegging gir personalet grunnlag for å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. Barnehagen er forplikta til å grunngje, planlegge, vurdere og dokumentere at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

Alle planer må brukast på ein fleksibel måte slik at vi kan være spontane og ivareta barnas interesser/medverknad og ønskjer her og no. Det skal vere rom for både planlagde og spontane tema-prosjektarbeid og samarbeid mellom avdelingane.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske til tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadene til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørgje for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova og utviklinga til barnet.

Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp..

Barnehagen skal sørgje for at barn som får spesialpedagogisk hjelp, blir inkluderte i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet.

Progresjon

Kvart enkelt barn er i utvikling og skal oppleve framgang. Dei skal møte utfordringar, meistre og strekke seg. Progresjonen må derfor verte tilpassa det enkelte barn. Samtidig ønskjer vi at barna lærer noko nytt og utviklar seg i takt med alder og modning.

Det skal være progresjon i arbeidet i forhold til alder, modning og utviklingsnivå. Det blir da progresjon i leikemateriell, fysisk utforming på avdelingane og i ulike aktivitetar og samlingar i løpet av barnehagetida. Antal år eit barn er i barnehagen kan variere, likevel er det naturleg å tenkje at nokre aktivitetar skal tilpassast og også forbeholdast einskilde aldersgruppe. Dermed kan barnehagen skape ein naturleg progresjon i aktivitetane og bidra til utfordringar for barna slik at dei har noko å strekkje seg etter.

Digitale praksis

Vårt digitale praksis skal bidra til barnas leik, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive saman med barna. Samtidig skal det brukast med forsiktighet og ikkje dominere som arbeidsmåte. Vi skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei byrjande etisk forståing knytt til digitale medium. Stordal barnehage er og med i eit utviklingsprogram gjennom Sunnmøre region som heiter «Digital kompetanse i barnehagen»

Vurdering

Avdelingane skal kontinuerleg vurdere blant anna sine tema-prosjektarbeid, avdelinga sitt leike- og læringsmiljø, det sosiale samspelet, foreldresamarbeidet, personalsamarbeidet og organiseringa. Barnas stemme skal også høyrast i vurderingsarbeidet.

Observasjon, tolking og refleksjon er sentralt i vurderingsarbeidet.

Alle planer skal innehalde ei evaluering av det som har vorte gjort.

Det å vise, dokumentere og vurdere det vi har gjort aukar kvaliteten på arbeidet vårt med barna.

Dokumentasjon

Rammeplanen fastslår at dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet inngår som en viktig del av barnehagens arbeid. Dokumentasjon gir foreldre og personalet betre innsikt i barnas barnehagekvardag og læring.

Dokumentasjon er viktig for å synleggjere kunnskapsprosessen og det pedagogiske arbeidet vi gjennomfører i barnehagen. Dokumentasjon kan vere forteljingar, bilete, film, observasjonar, planar og andre estetiske uttrykk som teikningar, måleri, tredimensjonale uttrykk og andre kreative produkt skapt av barna åleine, eller barn med hjelp frå vaksne. Dokumentasjon frå barnehagen gjev foreldre/føresette, lokalmiljø og eigar informasjon om kva barnet opplever og lærer i barnehagen. Dokumentasjonen er eit godt utgangspunkt for refleksjon og evaluering av vårt arbeid saman med barna.